



MATEMATIKKSENTERET

Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen

2025

KENGURUKONKURRANSEN

Oppgåver på nynorsk

Ecolier

(4.–5. trinn)







3 poeng


1. Alex gjekk på eit golv med mønster.

Korleis såg mønsteret ut på golvet under foten til Alex?




2. Larissa har ei leike som snurrar rundt.


Kva for ei leike er Larissa si?



(A)




(B)



(C)



(D)



(E)



3. Dei fire tala 2, 0, 2 og 5 skal stå i dei fire rutene.


$$\square + \square - \square + \square$$

I kva for ei rekkjefølgje må tala stå viss resultatet skal bli så stort som mogleg?


- (A) 0, 2, 2, 5 (B) 0, 5, 2, 2 (C) 2, 5, 2, 0 (D) 5, 0, 2, 2 (E) 5, 2, 0, 2




4. Kva for eit tau får ein knute viss du dreg i endane?




(A)




(B)



(C)



(D)




(E)

5. Mia byggjer ein stor kube av småkubar.


Den store kuben blir tre småkubar høg, tre småkubar brei og tre småkubar djup (3x3x3).

Medan Mia byggjer tek mamma bilete av korleis byggverket veks.


Kva for eit av desse fem bileta er det fjerde biletet som mamma tek?




(A)




(B)



(C)



(D)




(E)

6. Kalle Kenguru hoppar frå skolen til dyrehagen slik: $\uparrow 2$, $\nwarrow 2$, $\swarrow 1$, $\leftarrow 4$.

Så hoppar han heim frå dyrehagen slik: $\rightarrow 3$, $\nearrow 2$, $\uparrow 2$.

Kva for eit hus kjem han til då?



(A)

(B)

(C)

(D)


(E)




Kengurukonkurransen
ECOLIER 2025

7. På ein vanleg terning er summen av prikkane på to motstående sider alltid 7.
Eit eksempel på to motstående sider er topp og botn.


Kva for ein av terningane kan vere ein vanleg terning?




(A)




(B)



(C)



(D)



(E)

8. Nils og Ellen leikar med skjel og perler.
Kvart skjel er verd 6 kr og kvar perle er verd 1 kr.


Kva for eit av alternativa er verdt 16 kr?



(A)




(B)



(C)




(D)



(E)

4 poeng

9. Zara og Leo spring rundt ein sirkelforma leikeplass.
Zara spring den eine vegen og Leo den andre.
Dei startar samtidig i A.
Dei møtest første gong i B, andre gongen i C og
tredje gongen i D. Til slutt møtest dei i A.




Kor mange rundar spring Zara?

- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5



Kengurukonkurransen
ECOLIER 2025


10. Kva for ei vindmølle kan Johan byggje med dei 3 pinnane sine?



11. Anna, Bonnie og Caspar har kengurukjeks på fata sine:



På eit brett ligg det også 15 kjeks. Barna skal fordele kjeksa på brettet slik at dei til slutt får like mange kjeks på fata sine.




Kor mange av kjeksa på brettet må Anna få?

- (A) 4 (B) 5 (C) 6 (D) 7 (E) 8

12. Fem venner hadde kvar sin mobiltelefon som var fulladd då turen starta.

Etter turen hadde Bob gått tom for straum. Han hadde brukt telefonen like mykje som Ann og Christina til saman. David hadde ikkje brukt telefonen sin i det heile.




Kva for ein telefon er Edvard sin?

- (A) 1 (B) 2 (C) 3 (D) 4 (E) 5



Kengurukonkurransen ECOLIER 2025

- 13.** Renate matar seks sauer. Til saman skal dei seks sauane få 210 gram vitamin for å halde seg friske.
Alle får like mykje, bortsett frå den minste sauene, som får dobbelt så mykje vitamin som kvar av dei andre sauane.




Kor mykje vitamin skal den minste sauene få?

- (A) 55 gram (B) 60 gram (C) 70 gram (D) 75 gram (E) 80 gram

- 14.** Torgeir vil dele pizzaen i to delar.
Han vil at det skal vere like mange tomatar på kvar del.
Han kan gjere det på to ulike måtar.

Kven av linjene kan han skjere etter?

- (A) 1 og 3 (B) 1 og 4 (C) 2 og 3 (D) 2 og 4 (E) 3 og 4



- 15.** I kvar rad skal 1 stå i ei rute, 2 i ei rute og 3 i ei rute.
I kvar kolonne skal 1 stå i ei rute, 2 i ei rute og 3 i ei rute.
Same tal kan berre stå ein gong i kvar rad og kolonne.
Dei små tala på biletet fortel kva summen av tala i dei rutene som er ramma inn skal vere.

Korleis ser den nedste rada ut?

4		
9		

- (A)

1	2	3
---	---	---

 (B)

1	3	2
---	---	---

 (C)

2	1	3
---	---	---

 (D)

2	3	1
---	---	---


 (E)

3	1	2
---	---	---



Kengurukonkurransen
ECOLIER 2025

16. Seks marihøner har anten 1, 2, 3, 4, 5 eller 6 prikkar.
Theodor tok 4 bilete med tre marihøner på kvart bilete.
Kvar marihøne er med på like mange bilete.
På det fjerde biletet ser du berre omrisset av tre marihøner.




Kor mange prikkar har dei tre marihønene på det fjerde biletet til saman?

- (A) 9 (B) 10 (C) 11 (D) 12 (E) 23


5 poeng

17. I sirklane skal det stå 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7. Det skal stå eitt tal i kvar sirkel.
Tala i ein sirkel på nedste rad, skal vere summen av tala i dei to sirklane på rada over
som er kopla til han med strek.




- (A) 2 (B) 3 (C) 4 (D) 5 (E) 7

18. Bendik skal lage eit kvadrat med fire bitar. Tre av bitane ser du her:



Korleis ser den fjerde biten ut?




- (A) (B) (C) (D) (E)



Kengurukonkurransen ECOLIER 2025

19. Ada har laga ein figur av 11 like brikker.
Heile figuren er 100 cm den eine vegen og
60 cm den andre.

Kor stor er kvar brikke?



8 cm 
40 cm

(A)

10 cm 
40 cm

(B)

12 cm 
40 cm

(C)

8 cm 
44 cm

(D)

10 cm 
50 cm

(E)


20. Erling skal byggje ei trapp med grå og svarte kubar.

På biletet ser du kva form trappa skal ha.


Du ser også kor éin av dei svarte kubane skal vere.

Han må byggje etter to reglar:


- to kubar som ligg ved sida av kvarandre skal ha ulik farge.
- to kubar som ligg oppå kvarandre skal ha ulik farge.




Korleis vil trappa til Erling sjå ut ovanfrå?




(A)




(B)



(C)




(D)



(E)

21. På to skålvecter veg Kaja nokre leikar: kubar, kuler og stjerner.



Ulike leikar veg ulikt, men dei som er like veg like mykje.

Ein leike kan vege 1 kg, 2 kg, 3 kg, 4 kg eller 5 kg.

Kor mykje veg ein kube?

(A) 1 kg

(B) 2 kg


(C) 3 kg

(D) 4 kg


(E) 5 kg



22. På 5 papirkvadrat er det teikna prikkja linjer.




A




B



C




D



E

Viss ein klipper langs linjene, er det mogleg å setje saman bitane i *eitt av kvadrata* til eit rektangel med same form som du ser på biletet nedanfor.

Bitane kan ikkje ligge oppå kvarandre.



Kva for eit kvadrat er det?

(A) A

(B) B

(C) C

(D) D

(E) E

23. Biletet viser ein månad i ein kalender, men utan datoar.

Summen av datoane i dei to grå rutene er 29.

må	ty	on	to	fr	lau	su

Kva for ein vekedag er den første dagen i denne månaden?

(A) måndag

(B) tysdag

(C) onsdag

(D) torsdag

(E) sundag



24. Frukthandlaren har fem ulike typar frukt.

Han har laga ei liste med kor mykje frukt han har.

Til saman har han 106 frukter.

Dessverre har nokre siffer vorte måla over,
men han hugsar at:

- han har like mange av to typar frukt.
- han har dobbelt så mange av ein type frukt som av ein annan type.
- han har meir enn 10 av alle typar frukt.

Kor mange bananar har han?

- (A) 13 (B) 23 (C) 43 (D) 53 (E) 63





Svarskjema for eleven

Namn:

Marker svaret ditt ved å setje kryss i rett rute

Oppgåve	A	B	C	D	E	Poeng
1						
2						
3						
4						
5						
6						
7						
8						
9						
10						
11						
12						
13						
14						
15						
16						
17						
18						
19						
20						
21						
22						
23						
24						
Sum						